
Saknr: 2019/41-8
Saksbehandlar: David Aasen Sandved,
Eva Moberg, Tor Titlestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Ålmenne kulturvernforemål - Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne.
Nye retningslinjer gjeldande frå budsjettåret 2021

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innretting og kriteria i driftstilskotordninga til regionale og nasjonale kulturminne i Vestland slik det ligg føre i vedlegg til denne saka.

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering handsama driftstilskot til regionale i møte 13.02.2020. I vedtakspunkt 2 heiter det:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil stø opp om det viktige arbeidet frivilligheita tek på seg i høve ivaretakinga av fellesskapet sin kulturarv, og ber om sak med framlegg til ei ordning som kan femne aktørar i heile Vestland fylke.

Fylkesdirektøren har no fått utarbeidd framlegg til retningslinjer for ordninga.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I vedteke budsjett 2020 er etablering av tilskotsordning retta mot frivillig sektor til drift og vedlikehald av regionalt og nasjonalt prioriterte kulturminne eit av dei særskilde tiltaka.

Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne

I 2020 har fire eigarar av verna og freda bygningar motteke driftstilskot: Bullahuset (Osterøy), Espeland fangeleir (Bergen), Fjelberg gamle prestegard (Kvinnherad) og Fortidsminneforeningen Hordaland, med 7 eigedomar: Finnesloftet (Voss), Holdhus gamle kyrkje (Fusa), Lydvaloftet (Voss), Lysøen (Os), Moster gamle kyrkje (Bømlo), Nonneseter klosterruin (Bergen), Ullestadbua (Voss) og Stranges Stiftelse (Bergen).

For å stø opp om det store arbeidet frivillige lag og organisasjonar i heile Vestland tek på seg for å ta vare på vår felles kulturarv, gjer fylkesdirektøren framlegg om innretning og retningslinjer til ordninga med tilskot til drift og vedlikehald av regionalt og nasjonalt prioriterte kulturminne vedlagde retningslinjer.

Ordninga stettar [Meld. St. 16](#) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold* som vektlegg at *alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.*

Vedtakskompetanse

Hovudutal for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Storleiken på tilskot for 2020 er 1 mill. og vedteke av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

Klima: Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR

Konklusjon

Hovudvalet sluttar seg til innretting og kriteria slik dei ligg føre i vedlegget.